

Til stades: Per Øyvind Tveiten - leiar, Mari Skeie Ljones – nestleiar
Helene M. Bolstad - nestleiar, Ellen Persvold, Jan Heier, Hilde Reitan
Tove Leinslie, – 1.vara

Frå administrasjonen: Linda Dyrnes, dagleg leiar, Rannveig Djønnne for dei tilsette, Marit Vestrum under sakene 55-59

Tid: Torsdag 5.september kl.10-16

Stad: Møterommet i 5.etasje i våre lokaler

Referat

Styresak 2013/49 Innkalling og sakliste

Styresak 2013/ 50 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

- a) Rekneskap per 30.juni med kommentarar
- b) Driftsrapport per 28.august 2013
- c) Tilskot til sommerkursa
- d) Nordisk folkemusikkomité

Styresak 2013/51 Lønspolitiske retningsliner

Styresak 2013/52 Ramme for lokale lønstingingar

Styresak 2013/53a Evaluering av Landskappleik og Landsfestival

Styresak 2013/53b Meisterkonsert i Operaen?

Styresak 2013/54 Søknad om kongepokal

Styresak 2013/ 55 Faglag for folkemusikkarrangørar

Styresak 2013/56 Kriterium for årets lokallag 2014 og årets folkemusikkarrangør 2014

Styresak 2013/57 Partnerskap i Krafftak for song

Styresak 2013/58 Framdriftsplan for ”Retningslinjer mot seksuell trakassering og overgrep” og innføring av krav om politiattest.

Styresak 2013/59 Eventuelt

Styresak 2013/49 Innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjend.

Styresak 2013/ 50 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

Vedlegg: Oppdatert driftsrapport

- a) Rekneskap per 30.juni med kommentarar**
- b) Driftsrapport per 28.august 2013**
- c) Tilskot til sommarkursa:** Kalottspel og UngFolk fekk kr 5000 kvar, Mokurset kr 7000 og Strunkeveko kr 8.000.
- d) Nordisk folkemusikkomité:** Vi skal ha møte om framtida til Nordisk folkemusikkomité under Folkelarm.
- e) IntroFolk:** Vi arbeider i dialog med Riksscenen, Music Norway og Norsk Jazzforum for å finne en god modell for vidareføring av IntroFolk etter at Rikskonsertane har lagt ned ordninga.

Vedtak: Styret tek orienterings- og referatsakene til orientering.

Styresak 2013/51 Lønspolitiske retningslinjer

Vedtak: AU får fullmakt til å vedta lønspolitikk for FolkOrg i samarbeid med dei tilsette, ut frå dei signala styret har gitt i møtet og signal frå dei i etterkant.

Styresak 2013/52 Ramme for lokale lønstingingar

Personalsak

Styresak 2013/53a Evaluering av Landskappleik og Landsfestival

Vedtak: Administrasjonen arbeider vidare med oppfylging av evalueringa av Landskappleik og Landsfestival på bakgrunn av innspela som har kome inn og drøftinga i styret.

Styresak 2013/53b Meisterkonsert i Operaen?

Vedtak:

Administrasjonen får i oppgåve å utarbeide ei prosjektskildding i høve meisterkonsert i Operaen. Avgjerda om prosjektet skal gjennomførast vert delegert til AU i og med at neste styremøte ikkje er før i desember og at avgjerda nok lyt takast før det om konserten skal arrangerast i 2014.

Styresak 2013/54 Søknad om kongepokal

Vedtak: FolkOrg søker H.M. Kongen om Kongepokal i klassa eldre folkemusikkinstrument for Landskappleiken på Geilo 2014 og for laus i 2015.

Styresak 2013/ 55 Faglag for folkemusikkarrangører

Vedtak:

- *Styret er positive til at det etablerast eit faglag for folkemusikkarrangører i FolkOrg.*
- *Administrasjonen arbeider vidare saman med folkemusikkarrangørane for å få til det.*
- *Dansefestarrangører må vere ein naturleg del av faglaget.*
- *Det bør vere ein kontingent frå faglaget til FolkOrg, og administrasjonen bør undersøke om det bør vere ein kontingent frå dei enkelte arrangørane til faglaget i høve til dømes TONO-avtala.*
- *Det er faglaget som må godkjenne nye medlemmer, ikkje FolkOrg.*
- *Førdefestivalen som knutepunkt bør vere ein viktig samarbeidspart i arbeidet for folkemusikkarrangører.*

Styresak 2013/56 Kriterium for årets lokallag 2014 og årets folkemusikkarrangør 2014

Vedtak:

- 1) *Retningslinjer for premie, juryarbeid, utdelingsstad for årets lokallag og reiserekning for nominerte vert ikkje endra*
- 2) *Kriterium for årets lokallag er: "Lokallag som skaper gode arenaer for dansen i møte med folkemusikken"*
- 3) *Prisen for årets folkemusikkarrangør delast ut på Folkelarm.*
- 4) *Det som skal ligge til grunn for utdelinga av årets folkemusikkarrangør er:*
 - *Programmering / kunstnarisk profil.*
 - *Publikumsoppslutning.*
 - *Evne til å skape blest, interesse og entusiasme for arrangementa og musikken.*

Styresak 2013/57 Partnerskap i Krafftak for song

Vedtak: FolkOrg inviterer «Krafftak for song» og Norsk kvedarforum til eit møte for å diskutere korleis eit evt. partnerskap mellom «Krafftak for sang» og folkemusikkorganisasjonane kan sjå ut.

Styresak 2013/58 Framdriftsplan for ”Retningslinjer mot seksuell trakassering og overgrep” og innføring av krav om politiattest.

Vedtak: I retningslinjer mot seksuell trakassering og overgrep står det at i samband med opplæring, kurs og arrangement som rettar seg mot born og unge, skal leiarar og instruktørar vise politiattest. Styret i FolkOrg vil presisere at det berre gjeld når arrangementet er av ei viss lengd, og for faste leiarar og instruktørar. Administrasjonen tek kontakt med Norges Idrettsforbund for å høyre på kva måte dei har løyst det.

Styresak 2013/59 Eventuelt

Noreg har ratifisert Unescokonvensjonen om immateriell kulturarv. Ein konsekvens er at det skal utarbeidast lister over viktig kulturarv i Noreg. Kravet til dokumentasjon er høgt. I tillegg har Kulturdepartementet gått ut med at dei ønskjer innspel til ei raudliste over immateriell kulturarv. Det er ikkje nødvendig med omfattande dokumentasjon til denne lista. Dei skal opprette eit utval som skal går gjennom forslaga til denne raudlista. FolkOrg gjer framlegg om Jan Heier som kandidat til å vere med i fagutvalet som kulturdepartementet sett ned i samband med raudlista.